



BARNEHAGENYTT

Informasjonsbrev for Harøy barnehage desember 2011

NYTT OM DRIFTA:

* I sommar flytta vi inn i modulbygget "Blåhammaren", personalet der gjorde ein fantastisk jobb slik at det skulle bli ein fin og god plass for barna å vere. Etter nokre månadar med drift ser vi at både store og små har fått det veldig bra ☺

* I november hadde personalet og foreldra på Sjøstjerna dugnad i mumiskogen, det vart rydda, forsterka taket på gapahuken, eit flott nytt do vart bygd og står klart til bruk, og til slutt vart det laga ei grue. Tusen takk til personale og foreldre for ein god dugnadinnsats som no barna får mykje glede av. ☺

PLANLEGGINGSDAG 2.januar 2011

Barnehagen er stengt i romjula, dette er 4. ferieveke til barna og feriedagar for personalet.

Personalet har planleggingsdag måndag 2.januar, dette er fjerde planleggingsdagen av fem dette barnehageåret. Første dagen for barna etter nyttår er tysdag 3. januar.

Bruk av personalressursane i barnehagen

For å kunne disponere personalet på best mogleg måte, ber vi foreldra om å hjelper oss. Gje oss tidleg beskjed om venta fråversdagar og ring/send SMS så tidleg som mogleg om morgonen når barnet er sjuk.

Sikringstiltak

Etter tilbakemelding frå foreldre, står porten på Huse mykje open i hentetida. Vi ber difor **ALLE** om å lukke den kvar gong ein går igjennom.

Kle barnet dykk for kulda i vinter

Uansett om det er vått eller tørt, ha ull-kle eller liknande innerst til kroppen, det gir ein god varme. Andre laget bør vere eit nytt lag med ull eller fleece. Det yttarste laget må vere vind- og vasstett, slik at ein stenger kulda ute.

Husk gode vottar og gode vintersko som er så store at det er plass til ullsokkar i, god plass til luft isolerer. ☺

Til slutt husk å ha noko varmt rundt halsen, buff er kjekkare enn skjerf.

Da blir det kjekt å leike seg ute i vinter ☺

TIL SLUTT VIL VI TAKKE FOR ÅRET SOM HAR GÅTT OG ØNSKJE ALLE EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR

Harøy 05.12.2011 - Karin Breivik Grytten